



Dovre kommune



Avsender Dovre kommune, Kongsv.6, 2662 Dovre
Tlf./ Faks: 61 24 21 00 / 61 24 21 01
E-post: postmottak@dovre.kommune.no
Dok.navn:
Saksbeh.: grta
Dato: 21.12.07



Kunnskapsdepartementet
Pb. 8119 Dep.
N - 0032 OSLO

Høring om endringer i barnehagelova - høringsuttale frå Dovre kommune

Politisk utvalg for kultur, omsorg og oppvekst i Dovre kommune gjorde slikt vedtak den 11.12.2007:

1.
Dovre kommune går inn for at det blir innført lovfesta rett til barnehageplass når barnet er fylt eitt år.
2.
Dovre kommune går fortsatt inn for øymerka statlege tilskot til barnehagane.
3.
Dovre kommune går inn for at foreldre/føresette skal få plikt til å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen.

Med helsing

Maj-Britt Svastuen
KOU-sjef

Greta Talleraas
saksbehandlar

Vedlegg: Utskrift av høringsuttale frå Dovre kommune.



Dovre kommune

Kultur-, oppvekst- og
undervisningsetaten

Saksnr: 2007/821 -1

Arkiv:

Saksbehandler:

Greta Talleraas

Dato: 29.11.2007

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
36/07	Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret	11.12.2007

Endringer i barnehagelova - Høyringsuttale frå Dovre kommune.

1 S Endringer i barnehagelova - Høyringsuttale frå Dovre kommune.

Vedlegg:

Jfr. "Høring – Forslag til endringer i barnehageloven" på
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/Hoering>

Vedtak til:

Kommunar i Nord-Gudbrandsdal, Fylkesmannen i Oppland, bhg.styrrarane i Dovre.

Saksutredning:

Høyringa gjeld

1) Rett til barnehageplass 2) Finansieringa av barnehagane 3) Innhenting av data.

1) Rett til barnehageplass: Staten har dei seinare åra prioritert barnehage og full barnehagedekning høgt. Når målet om full barnehagedekning er nådd, seier den nyaste regjeringserklæringa at det skal innførast ein lovfesta rett til barnehageplass. Departementet foreslår at rett til barnehageplass blir knytt til at barnet har fylt eitt år ved oppstart i barnehage.

Departementet sitt framlegg til lovtekst:

§ 12a. Rett til barnehageplass

Barn som fyller ett år senest ved oppstart i barnehage, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.

Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Endring i § 8:

Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.

2) Finansiering av barnehagane: Barnehagesektoren får nå øyremerka, statleg tilskot. Departementet seier i høyringsnotatet at dette har vore gjort for å sikre full barnehagedekning. Etter at full dekning snart er oppnådd og lovfesta rett til barnehageplass er sikra, ynskjer departementet å overføre det fulle ansvaret for barnehagane – inkludert det økonomiske – til

kommunane. Det inneber rammefinansiering av barnehagane, det vil seia at tilskot til barnehagane inngår i den generelle økonomiske ramma kommunane får tildelt av staten. Om rammefinansiering seier høyringsnotatet (s.18) bl.a.: "Kommunene kan prioritere sine ressurser mest mulig i samsvar med variasjoner i lokale kostnadsforhold, behov for ulike typer tjenester og befolkningens ønsker."

Om berekninga av kva som skal leggjast inn i ramma til den enkelte kommune i høve til barnehage, seier departementet vidare (s 19): "Midlene vil bli fordelt gjennom en kostnadsnøkkel som består av et sett av kriterier som har til hensikt å fange opp ufrivillige variasjoner i kostnads- og etterspørselsforhold for barnehager."

3) Innhenting av data: Departementet ynskjer å innføre plikt for foreldra til å oppgi barnets fødselsnummer ved oppstart i barnehage. Til grunn for dette ligg særleg behovet for å kunne gjennomføre langsiktig forskning på grunnlag av sikker identifisering. Av personvern hensyn foreslår departementet at fødselsnumra seinare blir omgjort til ID-nummer, automatisk generert gjennom bruk av ein nøkkel.

Departementet sitt framlegg til lovtekst:

Ny § 5a Innhenting av fødselsnummer skal lyde:

Foreldre og foresatte plikter å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen til bruk for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse, jf. § 8 fjerde ledd.

§ 7 andre ledd skal lyde:

Barnehageeieren må legge fram opplysninger om regnskapsdata, tjenestedata og en liste som gjør det mulig for kommunen å identifisere hvilke barn som går i vedkommende barnehage, jf. § 8 fjerde ledd og § 5a, etter forskrifter fastsatt av departementet.

§ 8 nytt fjerde ledd skal lyde:

Hver kommune skal opprette og føre register over fødselsnummer til barn som går i barnehage. Registeret skal benyttes til en nasjonal database for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse for å undersøke langsiktige effekter av deltakelse i barnehage i forhold til senere utdanning samt andre forhold som har betydning for sosial utjevning. Behandlingsansvarlig for basen skal være Kunnskapsdepartementet eller det organ departementet delegerer til. Nærmere bestemmelser om rapporteringsplikt, oppbevaring, bruk utlevering og lagring av slike data fastsettes i forskrift.

Vurdering:

1) Rett til barnehageplass:

Departementet ynskjer å innføre lovfesta rett til barnehageplass når barnet er fylt eitt år. Retten skal innførast når full barnehagedekning er oppnådd nasjonalt. Dette er i tråd med gjeldande regjeringserklæring.

Eit godt resultat av opplæring og skolegang er nær knytt til at dei offentlege tilboda blir sett i samanheng. Nyare politiske og faglege utgreiingar legg vekt på dette. Barnehage, grunnskole og vidaregåande skole blir difor nå sett som eitt løp i høve til ei best mogleg opplæring. Lovfesta rett til barnehageplass er ein naturleg konsekvens av dette og bør innførast.

Den lovfesta retten vil medføre behov for ei viss overdekning av antal plassar i barnehagen.

Det må bli lagt til rette for dette økonomisk og på ein slik måte at kvaliteten på tilbodet blir oppretthalde.

2) Finansiering av barnehagane:

Barnehagesektoren får pr. i dag øyremerka, statleg tilskot. Etter at full barnehagedekning snart er oppnådd og lovfesta rett til barnehageplass er sikra, ynskjer departementet å innføre rammefinansiering av barnehagane, det vil seia at tilskot til barnehagane går inn i den generelle økonomiske ramma kommunane får tildelt av staten.

Nokre punkt i høyringsnotatet verd å merke seg:

- Midlane vil bli fordelt til kommunane etter objektive kriteriar (f. eks. antal barn og opphaldstid) framfor etter faktisk aktivitetsnivå som i dag (jfr. høyringsnotatet s. 19).
- Nøkkelen for fordeling av midlar til ramma i kommunane er så langt ikkje utarbeidd (ibid.).
- Rammefinansiering vil medføre intensivering av statleg kontroll og tilsyn med kommunen som barnehageeigar (ibid.).

Føresetnadene for å slutte seg til framlegget om rammefinansiering, må vera at den

- sikrar full utgiftsdekning for kvar enkelt kommune
- sikrar eit aktivitetsnivå i barnehagane som er forenleg med god kvalitet
- sikrar at alle kommunar har moglegheit til å oppretthalde ei viss overdekning i antal plassar utan at dette går ut over kvaliteten på barnehagetilbodet

Målet må vera å sikre ei finansiering som kan oppretthalde nåverande, gode kvalitet på barnehagetilbodet i kommunen. Nå er situasjonen imidlertid den, at reglane for framtidig fordeling av midlar til barnehage i kommunane i form av rammetilskot ikkje er avklart. På nåverande tidspunkt har kommuna difor liten moglegheit for å ha ei formeining om kva som vil bli lagt inn i ramma og om dette er forsvarleg i høve til å sikre eit kvalitativt godt barnehagetilbod.

3) Innhenting av data:

Departementet ynskjer at foreldre/føresette skal ha plikt til å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen - som så skal opprette og føre registre over fødselsnumra til dei barna som går i barnehage.

Dette dreier seg om data som er i bruk i ulike samanhengar allereie i dag. Systematisk oppretting av registre vil kunne gi betre grunnlag for forskning på barn og unge og kanskje også føre til meir fokus og vekt på datasikkerheit for vår eigen del. Det er ein føresetnad at kommunen handhevar lov om personvern og dataregistre også på dette området.

Administrasjonssjefens innstilling:

Kommunestyret vedtek:

- 1) Dovre kommune går inn for at det blir innført lovfesta rett til barnehageplass når barnet er fylt eitt år.
- 2) Dovre kommune avventar modell for fordeling av midlar til barnehage i kommunane før den tek stilling til spørsmålet om innføring av rammefinansiering.
- 3) Dovre kommune går inn for at foreldre/føresette skal få plikt til å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen.

Saksprotokoll i Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret - 11.12.2007

Behandling

Saken blir ferdigbehandlet i Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret.

Martin Hjerkind kom med følgende forslag til nytt pkt. 2:

Dovre kommune går fortsatt inn for øyremerka statlige tilskot til barnehagene.

Vedtak

Administrasjonssjefens innstilling med Martin Hjerkind sitt endringsforslag til pkt. 2 ble enstemmig vedtatt.

Oppvekst-, kultur- og omsorgsstyret vedtek:

- 1) Dovre kommune går inn for at det blir innført lovfesta rett til barnehageplass når barnet er fylt eitt år.
- 2) Dovre kommune går fortsatt inn for øyremerka statlige tilskot til barnehagene.
- 3) Dovre kommune går inn for at foreldre/føresette skal få plikt til å oppgi barnet fødselsnummer til kommunen.